



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2018/959-9	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	05.12.2018

Referat frå møte i SU - 26.11.18

Desse møtte: Reidun Carol Retterholt, Frida Brække, Marit Madsen, Carina Olsen, Bjarne Reime, Marjan Wouts, Lars Brynjulv Nordbø, Hildegunn Rønningen og Bjørn Leirvik.

Reidun ynskta velkomen og leia møtet.

Saksliste SU:

- Resultat frå Nasjonale prøver.
Reidun legg fram resultatata.
I 8. klasse er resultatata veldig gode, berre lesing er bitte litt under landssnitt. I rekning ligg dei høgt over.
Det vert kommentert frå elevrepresentant at NP lesing 8. klasse vart gitt ein måndag utan at elevane hadde førebudd seg eller visste om prøva. Rektor refererer til at dette var ein feil, og at interne retningslinjer i mellomtida er skjerpa.
Resultata i 9. klasse er godt under fylkesnivå og nasjonalt nivå.
For 5. klasse er resultataskåre for fylket og heile landet enda ikkje lagt ut.
Det ser ut til å vere eit betre resultat i matte enn i norsk og engelsk.
- Framlegg til budsjett og handlingsplan. Vedlegg vart delt ut i møtet.
Rektor refererer til IKT-satsinga som ei stor gåvepakke til skulen.
FAU-leiar spør om når kompetansekravet for lærarar vil vere fullstendig innført.
Reidun svarer 2025, og stadfestar at det er snakk om overgang til at reine faglærarar får større plass.
- Skulen sitt utviklingsarbeid (IKT + Inkluderande barnehage- og skulemiljø). Kvar er vi?
Først IKT:
Rektor fortel at elevane, eller i alle fall fleirtalet, vil få sine I-padar fredag 29. mars. Alle skal leverast med beskyttande deksel. Kanskje får ei gruppe elevar vere med på utprøving før 29. mars. ASP-IT har sagt at det ikkje vil vere kapasitet til å starte opp alle iPadane på ein gong. Det vert difor lagt opp til at elevane startar opp iPadane sine heime i løpet av helga. Vidare vil representantar frå ATEA vere aktive på skulen den første veka etter utdeling, til støtte både for lærarar og elevar. Rektor grunngir kvifor 10. klasse også skal vere ein del av ordninga, sjølv om dei ikkje vil ha lang tid att på skulen vår. Ho meiner det er viktig at elevane i 10. klasse skal føle seg på likefot med dei andre elevane, og at det er naudsynt at også lærarane i 10. klasse får vere med frå starten av. 10. klasse skal nytte både I-pad og ordinær pc fram mot eksamen. Inntil vidare skal skulen halde fram med sin bruk av Fronter. Politisk representant er glad for skriftleg info han har fått av rektor der progresjonen i planen er vist tydeleg, han ynskjer at same info vert gitt vidare til rådmann og ordførar. Dette vert send frå skulen.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø:

Det er eit godt samarbeid med barnehagen. Rektor refererer til kommunal plan.

For skulen sin del er det nokre satsingsområde som peikar seg ut:

Klasseleiing, livsmeistring og heim-skulesamarbeid.

Linda Solberg representerer skulen og Monica Hauge barnehagen.

- Kvalitetssikring av opplæring v/ FAU-leiar (sjå vedlegg)

Marjan W sitt utgangspunkt er at ho ynskjer ein betre skule. I vedlegg er lagt fram bakgrunnsmateriale som syner at kommunen totalt sett presterar dårlegare enn gjennomsnittet både i fylket og nasjonalt i perioden 2010 til 2018. Det ser ut til å vere ein trend at grendeskuleelevar i gjennomsnitt har høgare nivå på desse prøvane enn dei øvrige elevane. Ho finn vidare at det er for stor skilnad mellom standpunktarakterar og eksamenskarakterar. Kva gjer skulen med dette?

Politisk representant er stiller spørsmålsteikn med kvifor differansen til landsgjennomsnitt aukar gjennom skuleløpet.

Rektor seier i sitt svar at skulen ikkje er nøgd, og verkeleg ynskjer forbetring. Ho trekkjer fram nokre faktorar som skulen har satsa på:

- Fagteam
- Pålegg til lærarar om å delta på sensorskolering frå inneverande skuleår
- Sterkt fokus på å betre sosialt miljø dei siste skuleåra

Etter 2010 har andre satsingsområde vore "tilpassa opplæring", "vurdering for læring", "lesing i alle fag", "lokale læreplanar", "kollegaveiledning", ny tentamensordning, skolevandring v/ rektor, systematiske medarbeidarsamtalar, betre halvårsvurderingar og framovermeldingar.

Avvik meldt av fylkesmannen er no lukka.

Rektor seier det likevel er ein veg å gå med omsyn til kriterier for kompetansemål. Ho referer vidare til gode tilbakemeldingar frå Gøril Kanstad på elevhaldningar, sjølve undervisninga og klasseleiinga i fleire klassar ho har vitja som ny medarbeider hos oss frå PPT.

Bjarne R stiller spørsmål om korleis det er med bruk av læreverk. Han uttrykkjer skepsis til om lærarar kan makte å behalde oversikta om bruken av læreverk vert sterkt redusert. Og han peikar på kor viktig mange repetisjonar innan same tema er i t.d. matematikk, at spiralprinsippet er viktig å halde seg til.

FAU-leiar spør om korleis vi som skule kan vite at faglege hol vert retta. Kva med å auke timetal i visse fag innan 5%-grensa? Engelsk? Ho får støtte frå fleire i at dette kan vere eit aktuelt og godt tiltak. Ho presiserer at ho ynskjer svar til FAU på kva skulen faktisk har gjort for å få ein betre skule.

- Felles temamøte/foreldremøte til våren
Etter forslag frå foreldrerepresentant i førre møte er "Helsesista" tinga til 2. mai. Rektor fortel at ho ikkje er ledig før det. Foreldrerepresentant oppmodar lærarar og andre til å følgje "helsesista" for å kunne vere litt meir ajour med dei unge.
- Felles temamøte/foreldremøte til hausten 2019. Innhald
Rektor meiner det kanskje vert to større foreldremøte i vår.
Politisk representant meiner at infomøte om innføring av I-pad også kan vere ein god sjanse for skulen til å "restarte" foreldresamarbeidet...
- Eventuelt
Ikkje meir tid denne gongen

Møtet heva ca. 19.00

Referent: Bjørn Leirvik

Med helsing
Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.